



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune
Dato: 04.05.2017
Tidspunkt: 10:00 – 11:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Linbjørg Lunde	Magne Ivar Fauskanger	V

Alle på vararepresentantlista var innkalla i staden for Lorentz Lunde, men ingen hadde høve til å møta. Patrick Russel Madsen møtte ikkje, han hadde ikkje gjeve melding om forfall, så vara var ikkje innkalla.

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner / rekneskapsrevisor Deloitte – i heile møtet
Kåre Martin Kleppe	Ordførar – deltok i møtet til og med sak 14/17
Steinar Dalland	Rådmann - deltok i møtet til og med sak 14/17
Rolf Johan Lunde	Økonomisjef - deltok i møtet til og med sak 14/17
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 11/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 12/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 13/17	Årsrekneskap 2016 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/73
PS 14/17	Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 for Tysnes kommune		2016/69
PS 15/17	Referatsaker		
RS 6/17	Budsjettbrev frå Fylkesmannen for Tysnes kommune		2016/73
RS 7/17	Melding om utsetjing av kurs i regi av Deloitte		2015/1
RS 8/17	Melding om representantskapsmøte i SIM april 2017		2015/208
RS 9/17	Samarbeidsrådet for Shl. IKS - representantskapsmøte 07.04.17.		2017/36
RS 10/17	Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn		2017/40
RS 11/17	Barnevern		2014/364
PS 16/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 17/17	Eventuelt		

PS 11/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2017

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 12/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2017

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til protokoll frå møte 08.02.17.

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.02.17 vart samrøystes godkjent.

PS 13/17 Årsrekneskap 2016 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2017

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Rolf Johan Lunde presenterte hovudtal for den avlagte rekneskapen, utviklingstrekk for innbyggartal i kommunen og rekneskapsresultat, og peika på årsaker til auke på inntektssida i 2016.

Rådmann Steinar Dalland kommenterte årsrekneskapen og årsmeldinga, som følgjer rekneskapssaka.

Partner / rekneskapsrevisor Bjarne Ryland presenterte revisjonsmelding og rekneskapsrapport.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og kommentarar, som vart gjeve tilbakemelding på. Forslag til uttale vart drøfta, men det kom ikkje forslag til endringar av uttalen. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2016.

PS 14/17 Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 for Tysnes kommune

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Tysnes kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg at Tysnes kommune i 2016 ikkje har nådd målsetjinga om tal arbeidsgjevarkontrollar. Vidare vil utvalet peika på at det vil vera viktig for kommunen å vurdere om skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylle minstekravet når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar framover.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Tysnes kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2017

Handsaming i møtet:

Årsrapportane vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen vart gjennomgått og kommentert. Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Tysnes kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg at Tysnes kommune i 2016 ikkje har nådd målsetjinga om tal arbeidsgjevarkontrollar. Vidare vil utvalet peika på at det vil vera viktig for kommunen å vurdere om skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylle minstekravet når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar framover.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Tysnes kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

PS 15/17 Referatsaker**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2017****Handsaming i møtet:**

Referatsakene vart gjennomgått:

- RS 06/17 Budsjettbrev frå Fylkesmannen for Tysnes kommune
Teke til orientering.
- RS 07/17 Melding om utsetjing av kurs i regi av Deloitte
Sekretariatet sender påminning til hausten om gjennomføring av kurs, - teke til orientering.
- RS 08/17 Melding om representantskapsmøte i SIM
Teke til orientering
- RS 09/17 Samarbeidsrådet i Sunnhordland IKS – representantskasmøte
Teke til orientering
- RS 10/17 Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn
Teke til orientering
- RS 11/17 Meldingssak om barnevern frå FKT>
Teke til orientering

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

PS 16/17 Gjennomgang av møteprotokollar**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2017**Handsaming i møtet:**

Grunna stort forfall til kontrollutvalsmøtet vart ikkje alle protokollar gjennomgått, men nokre saker vart drøfta. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om nå på dette tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 17/17 Eventuelt**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2017****Handsaming i møtet:**

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.